



Kjell Atle Nerheim
Sundby - Hvorupsvei 44
5178 LODDEFJORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1019 - 14/15579

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:

19.11.2014

Godkjenning utslepp til minireinseanlegg - gbnr 5/186 Fløksand.

Administrativt vedtak. Saknr: 287/2014

Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for hytte på gbnr.5/186 på Fløksand.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i typegodkjent minireinseanlegg kl. I før utslepp til terreng. Anlegget er godkjend for 6 eigedommar, og gbnr.5/186 er den siste eigdommen som kan knyte seg til.

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om reinsing av avlaupsvatn i minireinseanlegg kl. I. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø. Det må hentast inn løyve til å føre avlaupsvatnet frå minireinseanlegget ut på naboeigedomen. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5, utsleppsløyve for minireinseanlegg på gnr.5 bnr.186 i samsvar med søknad stempla motteke 24.02.2014, og på følgjande

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg klasse I med godkjend etterpolering.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Det skal liggje føre erklæring med løyve til å føre avlaupsvatnet frå minireinseanlegget ut på naboeigedomen.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Naudsynt løyve må liggje føre innan arbeidet tek til.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Harry Finseth
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløysand VA AS
Stig-Arne Tvedt/ Jannicke Tvedt

Fløksand 5918
Vestre Rådal 6 5236

FREKHAUG
RÅDAL

Mottakere:

Kjell Atle Nerheim

Sundby - 5178
Hvorupsvei 44

LODDEFJORD